



## Kontrollutvalet

Bergen, 4. juni 2013

### Innkalling til ekstra møte i kontrollutvalet

Det vert med dette kalla inn til ekstra møte i kontrollutvalet

**Onsdag 12.06.13 kl. 14.00**

**i kommunestyresalen**

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er til Kari Nygard, tlf. 55 23 94 47 / 97 50 51 52, [roald.breistein@hfk.no](mailto:roald.breistein@hfk.no) eller til Hogne Haktorson, tlf. 55 23 94 53 / 911 05 982, [hogne.haktorson@hfk.no](mailto:hogne.haktorson@hfk.no).

Det er planlagt at Roald Breistein møter frå sekretariatet på dette møtet.

Hans Solberg (Sp) har erklært seg ugild til dette møtet og Anna Tandstad (Sp) skal møte i staden. Til dei andre varamedlemmene er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.

Dersom det vert aktuelt at andre varamedlemmer må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Jens Harald Abotnes (s)  
kontrollutvalssetteleiar

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

Roald Breistein  
Seniorrådgjevar

Vedlegg: Sakliste

Kopi: Varamedlemmer til kontrollutvalet  
Ordførar i Samnanger kommune  
Deloitte AS  
Rådmannen i Samnanger kommune

(har møte- og talerett)  
(har møte- og talerett)

## Sakliste:

<b>Saknr.</b>	<b>Sak</b>	<b>Merknad</b>
15/13	Godkjenning av innkalling og sakliste	
16/13	Protokoll frå møte i kontrollutvalet 15.04.13	Vedlegg
17/13	Interpellasjon til kommunestyret 17.4.13 – for gjennomgang og konklusjon i kontrollutvalet	U.off.: Fvl § 13 jf. Offl. § 13
	Ymse	



**SAMNANGER KOMMUNE**

## **MØTEPROTOKOLL**

### **Kontrollutvalet**

**Dato:** 15.04.13                      **Kl.:** 14.00 – 16.40                      **Stad:** Kommunestyresalen

**Saknr.:** 08/13 – 14/13

### **MØTELEIAR**

Jens Harald Abotnes (Krf)

### **DESSE MØTTE**

Hans Solberg (Sp)

Elin Dyrseth Liøen (Ap)

Lena Tveit (Bygdelista)

Svein Verner Røseth (Frp)

### **FORFALL**

### **DESSUTAN MØTTE**

Deloitte v/Unni Renate Moe og Birte Bjørkelo

Frå administrasjonen møte: Rådmann Tone Ramsli og skatteoppkrevjar Laila Midtun i sak 12/13

Frå administrasjonen møte: Rådmann Tone Ramsli og økonomisjef Nina Erdal i sak 13/13

Hordaland fylkeskommune, sekretariat for kontrollutvalet v/ Roald Breistein og Hogne Haktorson.

## **Sakliste:**

<b>Saknr.</b>	<b>Sak</b>
08/13	Godkjenning av innkalling og sakliste
09/13	Protokoll frå møte i kontrollutvalet 07.02.13
10/13	Meldingar / utvalet sitt kvarter
11/13	Orienteringssaker
12/13	Årsmelding 2012 frå skatteoppkrevjar og kontrollrapport 2012 vedr. skatteoppkrevjarfunksjonen for Samnanger kommune. Uttale frå kontrollutvalet.
13/13	Rekneskap og årsmelding 2012 for Samnanger kommune. Uttale frå kontrollutvalet.
14/13	Gjennomgang av møteprotokollar
	Ymse

## 08/13 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

### HANDSAMING I MØTET

Det framkom ikkje merknader til innkalling og sakliste.

### VEDTAK

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjend.

## 09/13 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 07.02.13.

### HANDSAMING I MØTET

Det framkom ikkje merknader til protokoll frå møte 07.02.13.

### VEDTAK

Protokollen frå møte 07.02.13 vart samrøystes godkjend.

## 10/13 MELDINGAR OG UTVALET SITT KVARTER

Desse meldingane vart lagt fram og handsama:

Nr.	Melding frå:	Melding vedr.:
1	Kontrollutvalet	Utvalet sitt kvarter. <ul style="list-style-type: none"><li>Ingen saker å ta opp under utvalet sitt kvarter</li></ul>
2	Kommunestyret	Offentleg møteprotokoll frå kommunestyremøte 06.03.13. Mange av sakene her er viktige å melda tilbake til kontrollutvalet, så heile møteprotokollen vert lagt som melding til dette kontrollutvalsmøtet. <ul style="list-style-type: none"><li>Vart teken til orientering</li></ul>
3	Fylkesmannen	Samnanger kommune – budsjett og økonomiplan 2013 – 2016. <ul style="list-style-type: none"><li>Vart teken til orientering</li></ul>
4	Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)	FKT – fagkonferanse 05. – 06.06.13 – invitasjon. <ul style="list-style-type: none"><li>Ingen frå Samnanger kommune skal delta på denne konferansen av budsjettmessige omsyn</li></ul>
5	Sekretariatet	Vidare arbeid med kurstilbod for kontrollutvala i 2013. <ul style="list-style-type: none"><li>Kontrollutvalet ønskjer at Deloitte foretar ein presentasjon for kommunestyret når det gjeld kva ein forvaltningsrevisjon er</li><li>Kontrollutvalet tenkjer på kva tema som kan vera aktuelt for ei samling med vidare opplæring i januar 2014. Saka vert teken opp igjen i første møte etter ferien.</li></ul>
6	Kommunal- og regionaldep. (KRD)	Pressemelding om opne møter i kontrollutval og kommunale føretak <ul style="list-style-type: none"><li>Vart teken til orientering</li></ul>
	Evt. andre meldingar	Ymse <ul style="list-style-type: none"><li>Det kom ikkje fram noko under dette punktet</li></ul>

### FORSLAG TIL VEDTAK

Meldingane vert teke til orientering.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

### VEDTAK

#### Melding nr. 5: Vidare arbeid med kurstilbod for kontrollutvala i 2013.

- Kontrollutvalet ønskjer at Deloitte foretar ein presentasjon for kommunestyret når det gjeld kva ein forvaltningsrevisjon er
- Kontrollutvalet tenkjer på kva tema som kan vera aktuelt for ei samling med vidare opplæring i januar 2014. Saka vert teken opp igjen i første møte etter ferien.

Meldingane vart elles tekne til orientering.

## 11/13 ORIENTERINGSSAKER

Desse orienteringssakene vart lagt fram og handsama:

Nr.	Orientering frå:	Orientering vedrørende:
1	Deloitte / sekretariatet	Forvaltningsrevisjon av kommuneadministrasjonen i Samnanger kommune. Kontrollutvalet må drøfta stoda og vidare framdrift. <ul style="list-style-type: none"><li>• Birte Bjørkelo frå Deloitte orienterte om at prosjektet er stilt litt i bero grunna sterkt press på administrasjonen i høve andre viktige saker i kommunen</li></ul>
2	Sekretariatet	Tilbakemelding om framdrift i prosjekt med selskapskontroll av Business Region Bergen. <ul style="list-style-type: none"><li>• Sekretariatet orienterte om status i høve selskapskontroll av Business Region Bergen</li></ul>
		Ymse <ul style="list-style-type: none"><li>• Deloitte stadfesta at revisjon av prosjektrekneskapar ligg inne som ein del av den avtala fastprisen dei har med Samnanger kommune</li></ul>

### FORSLAG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek orienteringane til orientering.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

### VEDTAK

[Vedr. orienteringssak nr. 1: Forvaltningsrevisjonsprosjekt](#)

Birte Bjørkelo frå Deloitte orienterte om at prosjektet er stilt litt i bero grunna sterkt press på administrasjonen i høve andre viktige saker i kommunen.

[Vedr. orienteringssak nr. 3: Ymse](#)

Deloitte stadfesta at revisjon av prosjektrekneskapar ligg inne som ein del av den avtala fastprisen dei har med Samnanger kommune

Kontrollutvalet tek elles informasjonen til orientering.

## 12/13 ÅRSMELDING 2012 FRÅ SKATTEOPPKREVJAR OG KONTROLLRAPPORT 2012 VEDR. SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN I SAMNANGER KOMMUNE. UTTALE FRÅ KONTROLLUTVALET

### FORSLAG TIL VEDTAK:

1. Kontrollutvalet merkar seg at Skatteetaten, Skatt Vest, konkluderer med at Samnanger kommune har ein skatteoppkrevjarfunksjon som vert i det alt vesentlege utført på ein tilfredstillande måte.
2. Kontrollutvalet er ikkje tilfreds med at Samnanger kommune ikkje har utført stadlege arbeidsgjevarkontrollar verken i 2011 eller i 2012, og heller ikkje har sett av ressursar til dette i 2013. Kontrollutvalet ber difor om at kommunestyret vurderer å auka rammene for kjøp av tenester for gjennomføring av arbeidsgjevarkontrollar.

### HANDSAMING I MØTET

Skatteoppkrevjar Laila Midtun og rådmann Tone Ramsli presenterte skatteoppkrevjar sin årsrapport og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Det vart opplyst at Skatteetaten nyleg har hatt ein oppfølging av tidlegare tilsyn i kommunen.

Kontrollutvalet vart samde om å endre siste del av punkt 2 i vedtaket til: Kontrollutvalet oppmoder difor kommunestyret om å sikre at det vert sett i verk tiltak slik at skatteoppkrevjarfunksjonen vert ivareteke på ein tilfredstillande måte, inkl. at målet om å antall arbeidsgjevarkontrollar vert nådd.

Utvalet ønskjer også å få ny orientering frå rådmann og skatteoppkrevjar om status på området hausten 2013.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

#### VEDTAK:

1. Kontrollutvalet merkar seg at Skatteetaten, Skatt Vest, konkluderer med at Samnanger kommune har ein skatteoppkrevjarfunksjon som vert i det alt vesentlege utført på ein tilfredstillande måte.
2. Kontrollutvalet er ikkje tilfreds med at Samnanger kommune ikkje har utført stadlege arbeidsgjevarkontrollar verken i 2011 eller i 2012, og heller ikkje har sett av ressursar til dette i 2013. Kontrollutvalet oppmoder difor kommunestyret om å sikre at det vert sett i verk tiltak slik at skatteoppkrevjarfunksjonen vert ivareteke på ein tilfredstillande måte, inkl. at målet om antall arbeidsgjevarkontrollar vert nådd.
3. Utvalet ønskjer også å få ny orientering frå rådmann og skatteoppkrevjar om status på området hausten 2013.

### **13/13 REKNESKAP OG ÅRSMELDING FOR SAMNANGER KOMMUNE 2012. UTTALE FRÅ KONTROLLUTVALET.**

#### FORSLAG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Samnanger kommune sin årsrekneskap for 2012.

#### HANDSAMING I MØTET

Rådmann Tone Ramsli og økonomisjef Nina Erdal presenterte hovudtrekka i årsrekneskapen for 2012 og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### VEDTAK

Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Samnanger kommune sin årsrekneskap for 2012.

### **14/13 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR**

#### FORSLAG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

#### HANDSAMING I MØTET

Aktuelle møteprotokollar vart gjennomgått. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### VEDTAK

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

#### YMSE

Det kom ikkje noko fram under dette punktet.

Jens Harald Abotnes  
Utvallsleiar

Roald Breistein  
Sekretær